

NOTAT

Til: Styringsgruppa
Frå: Statens vegvesen
Kopi: [Fyll inn]

Vedlegg nr. 3

Saksbehandlar/telefon:
Kristian Bauge /40 45 40 04
Vår dato: 12.01.2026

Sak 4/2026 Nytt anslag Sykkeltamveg Bergen, delstrekning 3A Nesttun-Hop

Prosjektet Sykkeltamveg Bergen, delstrekning 3A Nesttun-Hop er prioritert i Miljøløftet sitt handlingsprogram 2026-2029 med ein venta kostnad på 192,7 mill. 2026-kr. Strekninga er ein del av offentleg utbyggingsfase 1 i Bergen kommunen sin sykkelstrategi. Prosjektet er under planlegging. Planforslaget har vore på offentleg ettersyn, og merknadsbehandling er ferdig. Reguleringsplanen er venta ferdigstilt og klar til oversending til Bergen kommune i første kvartal 2026 for sluttbehandling. I samband med reguleringsplanen er det hausten 2025 utarbeidd nytt kostnadsoverslag. Det nye kostnadsoverslaget viser at tidlegare kostnadsoverslag har vore for lågt.

Statens vegvesens interne budsjettretningslinjer tilseier at prosjekt i byvekstavtalar skal ha tilslutning frå partane før prosjektet får fastsett styringsramme. Statens vegvesen tilrår difor at prioriteringsrådet sluttar seg til at reguleringsplan for Sykkeltamveg Bergen, delstrekning 3A Nesttun-Hop vert sendt til Bergen kommune for sluttbehandling. Når planarbeidet går vidare til byggefase vil det vere naturleg å gjennomføre ein prosjektoptimalisering der både standard, byggetrinn og andre optimaliseringstiltak vert vurdert.

Nytt kostnadsoverslag

Det nye oppdaterte kostnadsoverslaget for delstrekning 3A frå Nesttun til Hop er på 468 mill. 2024-kr inkludert 30 mill. kr i plankostnader finansiert av statlege midlar utanfor Miljøløftet og om lag 60 mill. kr til uføresett og usikkerheit.

Bakgrunnen for kostnadsauken skyldast i hovudsak at tidlegare kostnadsoverslag ikkje har teke inn over seg kompleksiteten i prosjektet i tilstrekkeleg grad, og at avsetninga til uvisse har vore for låg samanlikna med prosjekt av same storleik og kompleksitet.

Referanseprosjekta brukt i det nye anslaget er tilsvarande prosjekt på sykkeltamveg, der det inngått kontrakt siste 2 år.

Statens vegvesen sin vurdering av prosjektet, gitt nytt kostnadsoverslag

Vi ser at nytt kostnadsoverslag gjer det utfordrande å finansiere prosjektet innanfor rammene av gjeldande byvekstavtale. Vi har difor bedt prosjektet om å sjå på alternative løysingar på strekninga der dette er mogleg. Vurderinga frå Statens vegvesen er at sykkelstamvegen på den aktuelle delstrekninga går gjennom eit område med mykje aktivitet, der det er mange barn og unge som går og sykklar, mellom anna til og frå Midtun barneskule og Hop oppveksttun (ungdomskule). Sykkelstamvegen ligg òg tett på Nesttun idrettspark og skulane og idrettsparken på Slåtthaug. I tillegg er det mange som nyttar traseen til og frå kollektivtransport og spesielt bybanen sine haldeplassar ved Skjoldsskiftet og Nesttun sentrum.

Samstundes er strekninga hovudåra for syklande frå Bergen sør som skal mot Fjøsanger og Bergen sentrum. Prosjektet grenser i sør til delstrekning 2 Nesttun-Skjold som er under utbygging, og tiltaket vil gje samanhengande separert tilbod til gåande og syklande frå Lagunen til Hop. Som følgje av at strekninga 3A er tidlegare topline for Vossabanen er kurvaturen slak, som innbyr til høg fart på sykkel. Dette gjer at dagens situasjon med gåande og syklande i same snitt har høgt skadepotensial ved ulukker. Fortetting langs bybanen og i senterområda sykkelstamvegen går langs medfører auka behov for trygg og effektiv tilrettelegging for gåande og syklande.

Det er Statens vegvesen sin vurdering at separering av gåande og syklande på strekninga mellom Nesttunbrekka og Hop bør prioriterast i Miljøløftet for å betre trafikktryggleiken på strekninga og for å bidra til at Bergensområdet når nullvekstmålet.

Omtale av moglege tiltak


Som følgje av at det vil vere utfordrande å prioritere heile prosjektet innanfor rammene av gjeldande byvekstavtale, har Statens vegvesen sett på ein nedskalert løysing der det er føreslått eit byggetrinn 1 med separert gang- og sykkelveg mellom Nesttunbrekka i sør (profil o) og Troidhaugvegen (profil 1682) vist i kartet under. Byggetrinn 2 er frå Troidhaugvegen til Hop.

Prosjektet har vurdert at kostnaden for byggetrinn 1 er 302 mill. kr og for byggetrinn 2 er 164 mill. kr i 2024-prisar.

Det er mogeleg å redusere kostnadane noko ved å gå ned på breidda frå 3,5 m sykkelveg + 2,5 m fortau til 3 m sykkelveg + 2 m fortau. Det er rekna at innsparinga kan vere om lag 9 mill. kr på byggetrinn 1 og 15 mill. kr på byggetrinn 2 (kan unngå noko grunnerverv i BT2).

Anna planarbeid i området gir behov for vedteken plan

Parallelt med reguleringsplanarbeidet for sykkelstamvegen pågår planarbeid i privat regi, mellom anna i området ved Hopsfossen. Statens vegvesen vurderer at det er naudsynt å sikre areal til framtidig realisering av sykkelstamvegen for strekninga mellom Nesttun og Hop, og ber difor om tilslutning til at reguleringsplanen vert sendt til Bergen kommune for vedtak.



Handtering av prosjektet i porteføljeprioriteringa

Vi vurderer vidare at det skisserte byggetrinn 1 i figuren over bør bli prioritert først. Det er her nytten for gåande og syklande er størst. Byggetrinn 2 kan bli realisert på eit seinare tidspunkt. Dagens tilbod på delstrekning 3B mellom Hop og Fjøsanger, med dei mindre utbetringane som er foreslått i prosjektark spilt inn til handlingsprogram 2026-2029, gir etter vår vurdering eit tilfredsstillande tilbod på sykkelstamvegen mellom Skjold og Fjøsanger på mellomlang sikt, då det er færre gåande, og difor færre konflikhtar på denne delen av sykkelstamvegen (DS3B).

Deler av Vossebanen på strekninga mellom Hop og Fjøsanger er verna og ikkje aktuell for utbetring til fullgod sykkelstamvegstandard. På lengre sikt vil det være aktuelt å sjå på ein vidareføring av sykkelstamvegen mellom Hop og Fjøsanger i annan trasé. I den forbindelse kan det og vurderast å gjennomføre byggetrinn 2, dersom det ikkje allereie er realisert.

Tilråding

Statens vegvesens interne budsjettretningslinjer tilseier at prosjekt i byvekstvtalar skal ha tilslutning frå partane før prosjektet får fastsett styringsramme. Statens vegvesen tilrår difor at styringsgruppa sluttar seg til at reguleringsplan for Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 3A Nesttun-Hop vert sendt til Bergen kommune for sluttbehandling med oppdatert kostnadsoverslag på 468 mill. 2024-kr inkludert plankostnader.

Basert på diskusjonen i møtet vil Statens vegvesen arbeide vidare med prosjektoptimalisering av ein nedskalert løysing som skissert i dette notatet som eit mogeleg utbyggingsprosjekt på sykkelstamvegen mellom Nesttun og Hop.